



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1842 - 16/14713

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
18.07.2016

## Høyring- Søknad om dispensasjon frå forbod om tiltak i strandsona for oppføring av tilbygg til fritidsbustad gbnr 9/58, 79 på Hjertås

### Saka gjeld:

Det vert vist til søknad frå Leif Fredrik Wenneberg, motteke \*\* om dispensasjon frå forbod mot tiltak innanfor 100- metersbeltet til sjø, jf plan- og bygningslova § 1-8, for oppføring av tilbygg til fritidsbustad på gbnr 9/58, 79 på Hjertås i Meland kommune.

### Planstatus:

Eigedommen er ein bebygd fritidseigedom og ligg i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF- spreidd fritidsbustad. (Opplista i tab. 9.2 i føresegnen til KPA)

### Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon for tiltaket, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

### Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. Eigedommen ligg innanfor 100 metersbeltet til sjø, tiltaket krev dispensasjon frå strandsonevernet.

### Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå. I § 1-1 i plan-og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge.

Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart

Søknad om dispensasjon - tilbygg

9\_58,79oversiktskart

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland Fylkeskommune

5020  
5020

BERGEN  
BERGEN